

# REFERAT ÅRSMØTE NYSÆTER KYRKJELYD

**Tid:** Søndag 28. april 2024  
**Stad:** Nysæter kyrkje

*" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "*

25 medlemmar møtte til årsmøte i kyrkjerommet etter kyrkjekaffien der det vart servert marsipankake og kjeks. Leiar i soknerådet Sigrid Theodorsen Langøy ynskte velkommen, og introduserte dei inviterte frå staben som ville fortelje litt om arbeidet dei gjer. Årsmeldinga vart ikkje lest opp, då mange allerede har lese ho.

Soknediakon Olaug Irene Arnesen Gloppen informerte litt om hennar og diakoniutvalet sine oppgåver, og om arbeidet som var gjort i løpet av fjoråret. Vidare fortalde kyrkjelydspedagog/diakonimedarbeidar Solbjørg Hope Angeltveit noko om oppgåvene ho har som kyrkjelydspedagog og diakonimedarbeidar. Sidan Olaug hadde informert om diakoni-arbeidet, ynskte Solbjørg å seie meir om arbeidet som kyrkjelydspedagog. Ho har det meste av tilknytninga av arbeidet sitt til Nysæter sokn, og trives veldig godt med det. Kantor Bjarte Aadland sa at gudstenestene er eit viktig arbeid. Kyrkjekoret Sanctus har hatt, og skal ha, fleire større prosjekt med utvida kor. Orgelet må på sikt rensast då det ikkje lenger er heilt nytt. Sakshandsamar Reidun Andersen gjekk gjennom rekneskapet og informerte litt om kva som ligg i dei ulike tala.

Dette, og mykje meir, står det utfyllande om i årsmeldinga som ligg i kyrkja og på heimesida.

Kommentarar i møtet:

- Tidlegare fekk ein opplyst i kunngjeringane beløpet som kom inn i takkoffer forrige søndag, ynskje om at dette kjem inn igjen då det bl.a. kan skape meir engasjement rundt givartenesta rundt takkofferet.
- Fleire har nevnt at dei savnar minnegudstenestene i Nysæter kyrkje.
- Takk til sokneprestane som har vore tidlegare og som ein var glad for, og me er glad for Fridleif som no er komt til oss.
- Setningen i årsmeldinga om at ein ynskjer at gudstenestene skal vere pulsslaget i kyrkjelyden, og at fleire finn vegen til kyrkja er vårt felles ansvar.
- Ynskje om at etternavn til kyrkjelydspedagogane var med i årsmeldinga for TOL, og eit navn var skrive feil i diakoniutvalet si årsmelding. Dette er no ordna i årsmeldinga som ligg på heimesida.

Referent Reidun Andersen.